

PRESSEMELDING

RESULTAT FOR ALSAKER KONSERN I 2018

Alsaker-konsernet, som er konsernselskapet til Alsaker Fjordbruk, fekk eit resultat før skatt på kroner 563 millionar i 2018. Med ein omsetnad på kr 1.657 millionar gir dette ein resultatmargin på 34 %.

Alsaker er eit vertikalintegrrert oppdrettskonsern med produksjon av laks. Konsernet dreiv i 2018 5 smoltanlegg, 23 matfiskkonsesjonar og eit slakteri.

Produksjonen i konsernet skjer i 13 kommunar: Bømlø, Etne, Fusa, Kvam, Kvinnherad, Meland, Sveio og Tysnes i Hordaland, samt Haugesund (Røvær), Rennesøy, Suldal, Tysvær og Vindafjord i Rogaland.

I 2018 produserte konsernet i underkant av 33.000 tonn laks, mot 31.000 tonn året før.

Produksjonsmessig har 2018 vore eit krevjande år for konsernet, men likevel eit år med framgong. Både produksjonsvolumet og slaktevolumet gjekk litt opp samanlikna med 2017. Det er framleis mykje tilveksttap i samband med avlusing av laks. I tillegg hadde konsernet ein del algeutfordringar sommaren 2018.

Ved utgangen av 2018 var det 255 fast tilsette i konsernet. Konsernet har godt kvalifiserte og motiverte personar i alle ledd i organisasjonen.

Den internasjonale marknaden for laks har vore prega av ein sterk etterspurnad også i 2018. Det globale tilbodet av atlantisk laks auka med ca 5% medan gjennomsnittleg eksportpris på laks frå Norge auka med 0,6% samanlikna med forrige år.

| Alsaker Konsern | | |
|---|---------|---------|
| (Alle tal i mill. NOK) | 2018 | 2017 |
| Sum driftsinntekter | 1 657,3 | 1 621,4 |
| EBITDA | 666,6 | 662,7 |
| Driftsresultat | 561,6 | 567,7 |
| Resultat før skatt | 562,8 | 550,6 |
| Konsernrekneskapen for Alsaker er utarbeidd etter norske rekneskapsreglar (NGAAP) | | |

Bokført eigenkapital i konsernet var ved utgangen av året på kr 1.268 millionar – noko som gir ein eigenkapitalandel på 57 %.

€€€€€

Har De spørsmål, eller ynskje om ytterlegare kommentarar, kan De ta kontakt med adm.dir. Gerhard Meidell Alsaker, telefon 53 43 01 10, eventuelt mobil 90 10 5000.